

Statsforvaltaren i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/5073 - 21/69890

Saksbehandlar:  
Einar Aase  
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:  
21.10.2021

## Vedtak til klagevurdering - gbnr 322/218 Mjåtveit

**Tiltak:** Lagerbygning  
**Byggjestad:** Gbnr: 322/218  
**Tiltakshavar:** Lagerbygg Mjåtveit Næringspark 1 AS  
**Ansvarleg søkjar:** Delta Bolig Prosjektering AS

Saka gjeld søknad om oppføring av lagerhall med bygd areal (BYA) på ca. 493,9 m<sup>2</sup>. Utnyttingsgrad er opplyst til 31,95% BYA. Plassering av tiltak går fram av oppdatert situasjonskart datert 06.09.2021, mottatt 15.09.2021 som tilleggsdokumentasjon til kommunen.

### Planstatus

Eigedom ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Mjåtveit-Dalstø med planid: 125620120001 er definert som næring/industri/lager (N/IND/L01).

Tiltaket krev dispensasjon frå regulert avkøyrslé i plan, som skissert på plankart.

Tiltak har vore på høyring for elvemusling i Mjåtveitvassdraget. Det var ingen merknadar knytt til dette.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Einar Aase på e-post  
einar.aase@alver.kommune.no.

### Regelverk

- Du kan klage på vedtaket med grunnlag i forvaltningslova (fvl) §§ 28-36.
- Klage på vedtaket må vere nytta fullt ut før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, jf. fvl § 27b.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Einar Aase  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Løyve til oppføring av Lagerbygning - gbnr 322/218 Mjåtvweit  
Vedlegg 1 D-1 Oppdatert situasjonsplan  
6 Tegning NyFasade - Fasader Nord og Vest  
7 Tegning NyFasade - Fasader Sør og Øst.pdf  
8 Tegning NyPlan\_Plan 01  
9 Tegning NyPlan\_Plan 01 Mezzanine A.pdf  
10 Tegning NyttSnitt Snitt A-A og B-B.pdf

**Mottakarar:**

Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER